

Hausten

I gamle dagar var der mange vakre skikkar knytta til hausten. I Danmark, har eg høyrte, vart det siste neket på marka pynta som ei vakker jente og køyrt heim med stor glede og hyldest.

Og når dei bakte brød, var det også med stor ærbødigheit. Dei bakte til fleire veker om gangen, og så snart deigen kunne holde sammen, tegna husmora eit kors i den. Kvar gong ein skar av brødet vart ein minna om at brødet og hausten er ei gåve frå Gud.

Når vi haustar, så kjem vi sikkert nokon gonger til å tenkje på slektene før oss. Dei gjekk med ljà og rive på dei samme markene som store maskiner no syng ein litt annen melodi, men likevel føler vi eit band til slektene før oss. Vi er stadig så gammaldags, at vi nok tenkjer at ei slekt blir fattig og full av bekymring den dagen den held opp med å takke Gud for det daglige brød. Ei slekt blir fattig, hvis den ikke lenger får auga på Guds under i det daglige.

Sjølv om vi ikkje lenger har så mange skikkar knytte til hausten og innhaustinga, så har vi likevel nokon av dei same tankane som slektene før oss.

I ein vakker gammal song om kornet som modnar, står det at solskinn er grodd saman med havren, at kornet er lerkesang på eit strå. Dette er poetisk. Kanskje kunne vi hugse meir på det, kor vakkert det er med ein kornåker, at den og er ein song som priser Gud. Ein åker er ein tett skog av millionar strå, som står der og bøyer seg for eitkvart lite vinddrag. Alle strå liknar ein annan, men dei er like forskjellige som snøfnugg og blomar, som barn og stjerner. Men dei arbeider saman om det eine målet: hausten. Akset strekker seg mot lyset for å bli brød til oss. Ein skikk bør vi ikkje kvitte oss med, nemlig at vi om hausten syng til Guds ære.

Varme og næring frå sommaren er bevart i korn, potet, frukt og grønnsaker så vi kan stå i mot kulde og dødskreftene i vinteren. Både med Guds ord og med grøda om hausten vil Gud gjere det slik at vi kan leve i vår kvardag med et vi treng. Sammen med slektene før oss, entene det er dei som budde her i dalen eller dei vi høyrer om i bibelen, kan vi lovsynge Gud fordi han skapar liv og brød.

Og så har vi jakta. Den som tek til når alt det andre er ferdig. Innhaustinga er gjort. For det meste. Sauene er henta ned att- dei fleste. Moltene er plukka, litt tyttebær står att. Då er det jakt. Mange har spara fridagane sine til desse vekene her. Det er både ei litt fredeligare tid for dei som skal opp i åsen nokre dagar. Og framleis travelt for alle dei som blir att heime åleine.

Haustene r ei travel tid. Men travelheit kan vere farlig. Det har det med å spreie seg. Markene skal jo pløyast og såast til på nytt. Ikkje berre bønder har det slik. Vi kan alle i periodar fylle kvardagen med for mange plikter og bli engstelige og stressa for om vi kan rekke alt det vi skal. Vi vil gjerne vere stolte av arbeidet vårt, og legg mykje tid og omtanke ned i det.

Men vi må heller ikkje gjere arbeidet vårt til ei offergåve, som om det kunne formilde gudane om vi gjer det vi skal. Då har vi valgt ein dårleg veg, som berre fører oss inn i angst og uro. Kor glade vi enn er for hausten og lønna vi har tent, så det likevel ikkje gi oss fred i hjarta. Det kan berre Guds ord.

Eg har høyrte ein liten historie frå Adam og Evas tid, frå paradiset. Det var den gongen Gud skapte blomstrane og gav dei namn. Kvar blome fekk sitt eige namn. Men kort tid etter kom ein liten

blome tilbake til Gud med tårer i dei himmelblå augo sine og sa: Herre, eg har i all støy og vrimmel i verden gløymt namnet mitt. Kva var det no du kalla meg? Og Herre såg med sin milde augo på blomen og sa: «forglem meg ei!» Meir sa han ikkje. Men blomen heiter den dag i dag forglemmegei. Og dette er Guds ord til oss: at vi ikkje må gøyme Gud. Men endå meir: at Gud ikkje gløymer oss. Ikkje eingong når vi er så langt borte at vi ikkje lenger hugsar namnet vårt. Dette buskapet kom Jesus med. At Guds ord, det gir oss fred som ingen bekymring, uro eller travelheit kan ta i frå oss.

Skal ein gi offergaver til ein Far? Nei. Skal ein formilde ein far, som om han er eit vesen som står høgt over oss? Nei. Når Jesus snakkar om Gud som vår himmelske Far, så meiner han at vi er som små born overfor Gud. Og det trur eg er noko foreldre kan forstå, som har hatt små born. Foreldre er oppmerksomme på det minste tegn på at noko er ei vegen med barnet sitt. Om dei er sjuke, når dei gret eller manglar noko. Sjølv midt på natta står foreldre opp for å trøste når barnet gret. Så omsorgsfull er Gud overfor oss også, sine barn. Alt vil han gjere for oss. Det er evangeliet, som tek vekk all frykt og som gir fred. Jesus gjorde ende på offergavene med sine ord og med sin død. Fordi Jesus ofra seg sjølv frivillig for oss, treng vi aldri meir å ofre til Gud. Vi kan gi Gud vår takk og vår glede. Det vil vi gjere no midt i hausten og jakta!

Ære være Faderen og Sønneren og Den hellige Ånd, som var, er og være skal en sann Gud, fra evighet til evighet. Amen.